

Prosjektmandat

Politiske hovedprosjekt

Politisk styringsstruktur og

lokaldemokrati

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for politisk hovudprosjekt: Politisk styringsstruktur og lokaldemokrati.

Mandatet er godkjend av fellesnemnda og utarbeidet med bakgrunn i føringane i intensjonsavtalen og styringsdokumentet. Mandatet skal gi ein tydeleg skildring av oppdraget og prinsipp for gjennomføring.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

I siste avsnitt under kap. 2 «Visjon» står det følgjande:

Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretak lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget. Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.

Under 3. Verdiar, mål og prinsipp står det mellom anna følgjande:

- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.

I kap. 4 «Kvifor ny kommune: fordelar og ulemper» er følgjande ulempe tatt med:

«Nokre av ulempene vil kunne vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.» Det er viktig at dette prosjektet tek tak i dei relevante delane av dette.

Kap. 6 «Demokratimodellen» omtalar kva utval Alver kommune skal ha og tal medlemmer i kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval og kontrollutval. Dette ligg til grunn for arbeidet i dette prosjektet.

2.2. Styringsdokument

Dette prosjektet ligg i prosjektoversikten i styringsdokumentet.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

Det vart orientert under sak 22/17 «Melding/orientering til førebuande fellesnemnd 24.04.2017» om deltaking i KMD sitt lokaldemokratiprojekt «Fornying og utvikling av lokaldemokratiet».

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1. Hovudmål

Utgreie og foreslå politisk organisering og struktur for Alver kommune.

3.2. Resultatmål

- Forslag til tal medlemmar i lovpålagte utval.
- Forslag til utval som ikkje er lovpålagte og tal medlemmar i desse.

- Forslag til delegering av mynde frå kommunestyret
- Forslag til nærdemokratiske ordningar
- Foreslå ulike former for innbyggjardeltaking **kontakt Ingunn Gjerde**
- Forslag til folkevalde sine arbeidsvilkår, inklusiv reglement for godtgjersle
- Deltaking i KMD sitt prosjekt «Fornying og utvikling av lokaldemokratiet».

3.3. Effektmål

- Innbyggjarane er informert om viktige saker i kommunen
- Innbyggjarane har gode mogleheter for å påverke kommunale avgjelder
- Innbyggjarane er interessert i lokalpolitiske saker
- Innbyggjarane ønskjer å ta på seg lokalpolitiske verv

3.4. Avgrensingar

Dette prosjektet skal ikkje handtera følgjande tema:

4. Organisering

4.1. Politisk styringsgruppe

Fellesnemnda

4.2. Prosjektgruppe

Leiar	frå fellesnemnda
Nestleiar	frå fellesnemnda
Tre medlemmer	frå fellesnemnda

4.3. Referansegrupper

- Råd og utval i dei tre kommunane
- Lag og organisasjonar
- Andre

4.4. Administrativ støtte til prosjektet

Etter «Retningsliner for politiske hovudprosjekt - samanslåingsprogrammet Alver kommune» vedteke i fellesnemnda 12.03.2018 i sak 17/18.

5. Framdrift

Prosjektaktiviteter	2018				2019			
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
Politisk deltaking i KMD sitt prosjekt «Fornying og utvikling av lokaldemokratiet».								
Utgreie og foreslå politisk organisering og struktur								

Prosjektet utarbeider ein meir detaljert framdriftsplan i prosjektplanen.

6. Budsjett

Vart å kome attende til.

7. Risiko

Vart drøfta og utarbeida i første møte i prosjektgruppa og lagt inn prosjektplanen.